

## Lokale møter om vindfallhogst

Styret i Sigdal-Eggedal skogeigarlag og skogbruksleiaren inviterar andelseigarane til lokale samarbeidsmøte om vindfallhogst i Eggedal 5. april og Prestfoss 26. april.

Hensikta med møta er å dokumentere det samla behovet for hogst og framkøyring av vindfall, slik at alt arbeidet kan bli gjennomført og avslutta inneverande år. Det er att svært mykje å rydde opp i, men vi treng eit samla oversyn, slik at vi kan hente inn og halde på hogsmaskinlag nok til arbeidet er fullført.

På møtet vil vi ha eit stort kart, der kvar skogeigar kan markere kvar det er att vindfall som bør ut og kor mykje. Dermed vil det også bli lettare å samordne maskinkapasitet både m.o.t. hogstmaskinlag og evt. gravemaskinar.

- **Møte for skogeigarane i Eggedal: Tysdag 5. april, kl. 18.00**  
**Stad: Eggedal Borgerstue**
- **Møte for skogeigarane i nedre del av bygda: Tysdag 26. april, kl. 18.00**  
**Stad: Folkemusikkenteret**

Sakliste for møta:

- Skogbruksleiaren orienterar om dagens situasjon i bygda
- Statstilskot til vindfallhogst og nødvendig vegbygging
- Individuelle planer for å få ut attverande vindfall. Her kjem kvar skogeigar med sine innspill til skogbruksleiar, slik at alt blir teikna ned på eit stort oversiktskart.

***Enkel servering og Vel møtt!***

**Mvh. Styret i Sigdal-Eggedal skogeierlag**